

Møtereferat 27 november 2012 Hordaland Seilkrets sitt eintypeutval

Oppmøtte:
Jens Altern Wathne, Melges 24
Kjell Magnus Økland, Express/Oselvar
Trond Aarø, F18 (Snipe)
Lars Jårvik, Knarr
Peter Thomas Hansen, Laser
Yngve Thuen, Express/HSK
Sverre Valeur, Yngling

Invitert, men forfall/forhindret:
Rolf Hermansen, leiar HSK
Ove Lind, styremedlem NSF
Kjell Totland, Oselvar
Thorvald Fossestøl, Snipe
Erling Nesse, Snipe
Jan M. Hansen, Snipe
Carl Olav Wickmann, Express

Saksliste:

1. Velkomst og introduksjon av alle frammøtte

Møteleder: Kjell Magnus Økland, referent: Kjell Magnus Økland.

Introduksjon av laserklassen ved Peter Thomas Hansen

Laser er ein einmanns jolle som kan seglast med tre ulike riggstørleikar tilpassa ulike seclarar og vindstyrker: laser 4,7 (for seclarar 35-55 kg), laser radial (55-70 kg) og laser standard (+ 60 kg). I Askøy Seilforening er det no eit lasermiljø i vekst med både unge og vaksne seclarar. Med smått og stort finst det omlag 20 båtar i Bergensområdet.

2. Referat frå førre møte

Det var ingen merknader til referatet

3. Arbeidsoppgåver for eintypeutvalet

Det var gjort nokre mindre tilføyinger til utkastet til arbeidsoppgåver for eintypeutvalet: det kom til ei spesifisering av kva som meinast med eintypesegling (*baneseglas i der fyrste båt i mål er vinnar i båttypar med tydelege klassereglar*) og at eintypeutvalet sitt styre har formell forankring i Hordaland Seilkrets sin organisasjon og styre.

Sjå oppdatert utgåve av arbeidsoppgåvene til eintypeutvalet som ligg vedlagt møtereferatet.

4. KM-reglar eintypeklassar

Etter fralegg frå Lars Jårvik så skal det eksisterande utkastet til KM-reglar samkjøyst med eit utkast til KM-reglar for Knarrklassen som Magne Sandtorv laga i 2011. Dette vert gjort i forkant av Hordaland Seilkrets sitt årsmøte 30. januar 2012. Ansvaret for dette ligg hjå Lars Jårvik og Kjell Magnus Økland.

5) Hordamester 2013

Det vert arbeidd vidare med å utvikla konseptet og det var semje om at KM i dei ulike eintypeklassane og T/H skal vera kvalifiseringsgrunnlag. KM for T/H vert under Ran Seilforening sin Banks Sommerregatta og OS/Milde sin Askeladden. Kjell Magnus Økland kom med framlegg om at RAN Eintype Regatta kunne vera KM for eintypeklassane. Dette vart godt motteken og Økland sender framlegg til HSK sitt styre om dette.

Ansvar for vidare framdrift rundt Hordamester: Sverre Valeur, Jens Wathne og Kjell Magnus Økland. Sjå oppdatert konseptskisse som ligg vedlagt møtereferatet.

6) Tracking via mobiltelefon

Presentasjon av trackingsystemet Kattack ved Kjell Magnus Økland. Ved å lasta ned ein applikasjon på smarttelefonen er det mogleg å få til online tracking via mobiltelefonar. Det var semje om at dette har stor verdi for alle klassane og at det kan vera aktuelt at Hordaland Seilkrets i samarbeid med eintypemiljøa tar på seg kostnaden med årslisens for dette systemet (ca. 5500 kr). For demonstrasjon kan ein gå til

<http://www.seilmagasin.net/?regatta=893&id=819&type=Side>

7) Felles kommunikasjonssystem

Trond Aarø er i gang med å utvikla eit system for enkel utsending av SMS som vil vera eit svært godt verkty for informasjonsarbeid i alle klassemiljøa. Kort fortalt så går systemet ut på

- a) registrering av seglarar
- b) kategorisering av seglarane sitt interessenivå for ulike båtklassar
Her er tanken at seglarane kan klikka av om dei er aktiv, nyfiken eller sporadisk interessert i å få info om båttype a, b, c osv. Vidare er tanken at seglarane klikkar av om dei vil vera skipper eller mannskap i dei ulike kategoriane. Dermed kan kvar seglar enkelt skreddarsy og styra sin mottakarkanal.
- c) Flåtekapteinar kan senda ut SMS-meldingar til aktuelle mottakarar via ei webside med innlogging (superbrukar)
- d) Seglarar kan senda ut meldingar av typen «treng mannskap» eller «mangler båt» til sitt klassemiljø.

Kostnader vil i utgangspunktet bli dekka av Trond Aarø, men dersom volumet skulle bli stort, så vil det bli jobba for å skaffa inntekter via td. sponsor.

8) Eintypebrosjyre

Før sesongstart vil det bli utarbeida ein felles eintypebrosjyre med informasjon om datoar, båtinfo, regattaopplegg for kvar klasse, klassekontakt og websider. Desse brosjyrane skal vera tilgjengeleg i alle foreningene i kretsen, på oppslagstavler, på websider og hos relevante utstyrforhandlarar.

9) Seglkro 6. februar

Eintypeutvalet får ansvaret for seglkroa 6. februar og her har alle klassekapteinane ansvar for å få klargjort informasjon om sin klasse. På seglkroa vil det bli presentasjon av Eintypeutvalet, sesongen 2013 i dei ulike klassane og eintypebrosjyren, Hordamester, SMS-systemet og vonleg eit høve å få eintypeseglarane sin respons på dei grepa som er tekne i vinter.

10) Tom brygge 4. mai

Sverre Valeur presenterte konseptet «Tom brygge» som går ut på å få flest mogleg av båtane i dei ulike seglforeiningane utpå sjøen. Båtar med få segldagar kan få tilbod om teoretisk opplæring gjennom vinteren og instruktør ombord. Målet er at alle bryggjene i alle foreningane vert tømde laurdag 4. mai og at ein armada av seglbåtar kan møtast på fjorden. Dagen vert avslutta med grillfest i dei ulike seglforeiningane.

Møte slutt 2100

Referent:

Kjell Magnus Økland

12. desember 2012